

MESTERBREV



Navn: Magnus Aardal

Oppgavetittel: Struggling for publicity: How Wright, McDowell and Minar understand Wittgenstein's insistence on the publicity of language.

Oppgave levert: Januar 2006.

Kva motiverte deg til å jobbe med oppgåva?

Eg blei interessert i språkfilosofi fordi eg var interessert i korleis ord for følelsar fungerer. Korleis skal vi for eksempel forstå det når folk seier at "eg har eit sterkt behov for å uttrykke følelsane mine, men eg finn ikkje dei rette orda"? Eller kvifor må vi ofte ty til andre sine beskrivingar av følelsar, for eksempel *Jeg ser* av Obstfelder, for å sortere våre eigne? Kvifor vil det ikkje gje meg nokon tilfredsstillelse å bare seie at "denne følelsen bestemmer eg herved at skal heite X"? Kvifor har eg ikkje dermed uttrykt følelsane mine?

Kva argumenterer du for/mot?

Wittgenstein er kanskje mest kjent for privatspråkargumentet. Han ber oss tenke oss eit språk der ord som "kjarleik", "rød" og så vidare får meining ut frå at dei referer til mentale tilstandar. Så seier han at eit slikt språk ikkje ville være mogleg fordi viss X i dag skriver i dagboka si at "nå har eg følelse X", og så eit år seinare får samme følelse og skriver i dagboka si at "nå har eg følelse X igjen" så går vi ut i frå at kvar gong "X" blir brukt så refererer det faktisk til samme følelse. Private språk har eit problem her fordi vi ikkje har nokon måte å være sikre på at X refererer til den samme følelsen kvar gong. Kvifor ikkje? Fordi ho som bruker "X" bare har sin eigen hukommelse å stole på, og det kan tenkast at ho hugsar feil. Eg kan tru eg hugsar rett, sjølv om eg egentleg hugsar feil. Dermed, seier Wittgenstein, så ville eit språk der meininga til ord som er bestemt av ein referanse til noko privat bryte saman. For viss vi ikkje kan skilje mellom å tru at ein bruker eit ord konsistent og å faktisk bruke det konsistent, så kan vi ikkje snakke om å bruke ord konsistent i det heile.

Debatten eg har tatt tak i går ut frå at viss språk *ikke* er privat, då må det vel være "sosial"/"offentlig"/"inter-subjektiv"? Ein måte å utforske dette på er at for at eit språk skal kunne kallast sosialt (*public*) må vi ha ein teori om korleis språk fungerer som tar høyde for at *andre* menneske må kunne korrigere oss når vi bruker eit ord feil. For då kan vi faktisk skilje mellom å tru at ein bruker eit ord korrekt, og å faktisk bruke det korrekt. Dette synet blir kalla *The Community View* og er det eg argumenterer mot.

The Community View si løysing er svært overflattisk. For på samme måte som at eit individ kan ta feil angående bruken av eit ord, kan alle gjere det. Derfor må poenget til Wittgenstein ha vore noko anna. Eg argumenterer derfor for at det som har gått galt i *The Community View* sin lesing av Wittgenstein er at dei ikkje har sett at privatspråkargumentet har, retorisk sett, eit "best før" stempel. Eg er enig i at Wittgenstein seier at private språk ikkje er mogleg. Men eg er ikkje enig i at det derfor ikkje finst "private språk". Wittgenstein vil vekk i frå heile distinksjonen, ikkje bare den eine sida av han. Grunnen til at *The Community View* ikkje har sett dette er at dei ikkje har forstått korleis Wittgenstein sin særegne *måte* å drive filosofi på er ein nødvendig del av kva innholdet i det han seier er.

Ein god grunn til å lese masteroppgåva di.

Dei som er interesserte i regelfølgingsdiskusjonen kan kanskje finne noko nyttig i kapittel seks. Dei som er meir generelt interesserte i språkfilosofi må heller lese Wittgenstein sjølv eller introduksjonsboka til Marie McGinn.

Kva gjer du nå?

Eg prøver å finne ut om eg har idear eg vil bruke tre år på å utforske i form av ein doktorgrad, enten i Noreg eller i utlandet.

Les heile masteroppgåva på: www.duo.uio.no